



# REGLEMENT FOR VALSTYRET

Vedteke av Fellesnemnda sak 18/2018, 20.09.2018

## Innhald

Kapittel 1	Rettsleg grunnlag, samansetting og val.....	3
Kapittel 2	Valstyret sitt ansvar, oppgåver og delegering.....	3
Kapittel 3	Møter, innkalling, forfall og saksdokument .....	4
Kapittel 4	Framlegg til vedtak, avstemming og protokollar .....	5
Kapittel 5	Røystestyre .....	6

## **Kapittel 1 Rettsleg grunnlag, samansetting og val**

### **Rettsleg grunnlag**

Valstyret er oppretta med heimel i vallova § 4-1, jf. kommunelova § 10 nr. 1. For valstyret sitt arbeid gjeld lov av 28.juni 2002 nr. 57 (vallova).

### **Val og samansetting**

Valstyret skal ha 7 medlemar. Så langt det er mogleg skal alle parti i fellesnemnda vere representert. Fellesnemnda vel medlemar og varamedlemar til valstyret. Fellesnemnda vel leiar og nestleiar. Leiar skal være leiar i fellesnemnda, nestleiar skal være nestleiar i Fellesnemnda.

## **Kapittel 2 Valstyret sitt ansvar, oppgåver og delegering**

### **Ansvar og oppgåver**

Valstyret sine oppgåver og ansvar følj av kommunelova, valglova med forskrifter og reglement vedteke av Fellesnemnda.

Valstyret har det overordna ansvar for den formelle og praktiske tilrettelegging og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet mv.

Valstyret tek stilling til organiseringa og arbeidsdelinga mellom valstyret og administrasjonen i val-gjennomføringa. Valstyret vedtek faste fristar for innlevering av listeforslag, frist for å søke fritak frå å stå på liste, frist for å krevje eksemplar av manntalet, frist for å krevje stemmesetlar og frist for å søke om ambulerande stemmegjeving. Valstyret tek stilling til risikovurderingar og forslag til sikkerheitstiltak i valgjenomføringa.

### **Valstyrets oppgåver og ansvar omfattar:**

- godkjenning av listeforslag ved kommunestyreval
- vedta tal røystekrinsar kommunen skal delast inn i
- vedta kor og når stemmegjevinga skal finne stad ved førehandhandsstemmegjeving og på valdagen
- opprette røystestyre ved røystestadane
- prøving og godkjenning av røystegjevingar
- handsame klager på valgjenomføringa

### **Valstyret gjev innstilling til Fellesnemnda i følgande saker:**

- Fastsetting av valdag (er)
- Godkjenning av kommunestyrevalet
- Høyringar av prinsipiell karakter og av større betydning for den praktiske valgjenomføringa
- Søknader/deltaking i forskøk

### **Delegering av mynde**

Valstyret kan, i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, delegere mynde til valstyret sin leiar, jf. kommuneloven § 10 nr. 4 og § 23 nr. 4.

## **Kapittel 3 Møter, innkalling, forfall og saksdokument**

### **Møteprinsippet**

Valstyret treff sine vedtak i møte, jf. kommuneloven § 30.

### **Møtetidspunkt- og planer**

Valstyret vedtek sjølv eigne aktivitets- og møteplanar. I tillegg til møter jf. møteplanen, skal det haldast møter når leiar av Fellesnemnda eller minst 1/3 av Fellesnemnda sine medlemmar krev det.

### **Innkalling**

Innkalling og saksdokumenter til valstyret sine møter vert sendt som hovudregel 1 veke før møtet.

### **Forfall**

Medlemmar og innkalla varamedlemmar pliktar å delta på møter, med mindre det er gyldig forfall. Grunngevrne forfall skal meldes skriftlig til leiar i Fellesnemnda.

### **Saksførebuingar**

I alle saker som skal handsamast i valstyret skal det vere ei tilråding og ein kort og oversiktleg saksutgreiing. Det organ som utarbeider saker som skal handsamast i valstyret har ansvar for at sakene er tilrettelagt for handsaming og er i samsvar med lover og reglar.

### **Møteleiar**

Møter vert leia av leiar eller nestleiar i valstyret. Har begge forfall, vert det valt ein særskilt møteleiar for det aktuelle møtet ved fleirtalsval.

Valstyrelleiar skal sørge for at valstyret sine medlemmer får tilstrekkeleg opplæring i saksfelte valstyret har ansvar for, og i lover og reglar som er relevante for valstyret.

Valstyrelleiar skal sørge for at alle saker er tilstrekkeleg opplyst før dei ev. vert sendt til Fellesnemnda.

### **Taletid**

Valstyret kan vedta reglar om taletid generelt eller for ei enkelt sak.

### **Opne eller lukka møter**

Møte i valstyret vert halde for opne dører, med mindre anna følj av lovbestemt teieplikt eller møtet blir vedteke lukka, jf. kommunelova § 31.

I tillegg til medlemmer kan følgande vere til stades i lukka møte:

- representantar frå møtesekretariatet som har oppgåver knytt til møteavvikling
- representantar frå administrasjonen som har førebudd saka og/eller skal følj opp saka.

## **Kapittel 4 Framlegg til vedtak, avstemming og protokollar**

### **Framlegg og merknader**

Valstyret sine medlemmar og varamedlemmar som deltek i handsaming av ei sak kan sette fram framlegg til vedtak.

Medlemmar og varamedlemmar som deltek i møtet kan under handsaminga av ei sak fremme merknader til saken. Det skal voterast over merknader.

I saker som slutthandsamast i valstyret er merknader som får fleirtal bindande for Fellesnemnda og/eller andre vedtaket rettar seg mot. Vedtak fatta i valstyret kan ikkje endrast gjennom merknader.

Framlegg og merknader skal være utforma slik dei skal lyde og skal sendast inn elektronisk før møtet til politisk sekretær eller leverast skriftleg og i underteikna stand til møteleiar når framlegg/merknader vert fremja.

### **Førebuing til avstemming**

Etter at saka er teke opp til avstemming er det ikkje mogleg å ytterligare debattere eller å setje fram framlegg, med mindre det gjeld oppklaring av ukklarheter knytt til avstemminga.

Valstyret avgjer avstemmingsrekkefølge etter framlegg frå leiaren. Det skal vere mogleg å gi uttrykk for så vel prinsipale som subsidiære standpunkter under avstemmingar.

Ved debatt om framlegg til avstemmingsrekkefølge skal talarane utelukkande halde seg til dette spørsmålet. Avstemmingsrekkefølge vert avgjort ved alminneleg stemmefleirtal.

### **Stemmeplikt**

Møtande medlemmar og varamedlemmar har rett og plikt til å stemme. Dei kan ikkje forlate sine plassar under avstemminga.

### **Stemmemåtar**

Vedtak og innstillingar i valstyret vert avgjort med alminneleg fleirtal av de stemmer som vert gitt, dersom ikkje anna føl av kommuneloven sine alternative stemmemåtar. Vert røystetalet likt, er møteleiaren si stemme avgjerande.

### **Protokolltilførsler**

Den enkelte representant eller partigrupper kan krevje ei kort grunning for stemmegjeving teke inn i protokollen.

Protokolltilførsler skal sendast inn elektronisk eller levast skriftleg og i underteikna stand til møteleiar. Møteleiar opplyser om innkomne protokolltilførsler.

### **Saker til eventuelt**

Før møtet vert heva har valstyret sine medlemmar og møtande varamedlemmar rett til å rette førespurnad til møteleiar om ei kva som helst aktuell sak som krev valstyret si merksemd. Framlegg sett fram under Eventuelt kan ikkje takast opp til avstemming i møtet om møteleiar eller 1/3 av dei møtande motset seg det, jf. kommuneloven § 34 nr. 1.

### **Sekretariat og protokoll**

Møtesekretær for Fellesnemnda tek i vara sekretariatsfunksjonane for valstyret.

Valstyret skal få faglag og praktisk bistand i eit omfang som sikrar at valstyret kan ivareta sine oppgåver på ein forsvarleg måte.

Protokoller frå valstyret sine møter skal førast av møtesekretær for Fellesnemnda og vert underteikna av møteleiar og 2 av valstyret sine medlemmar. Protokollen vert godkjent og underteikna under møtet.

## **Kapittel 5 Røystestyre**

### **Oppnemning av røystestyre**

Fellesnemnda har delegert til valstyret å oppnemne røystestyra. Røystestyra skal ha tre medlemmar.

Røystestyra sine medlemmar og varamedlemmar bør veljast blant valmedarbeidarar som har erfaring frå minst eit tidlegere val. Listekandidatar kan ikkje veljast som medlemmar i røystestyra.

### **Ansvar og oppgåver**

Røystestyra skal administrere røystegjevinga på kvar stemmested.